

”Uskedelingar” vann VM i joleøl

17.12.2007

Ein familie som er så trufaste hyttefolk at dei nærmast er for uskedelingar å rekna, feira ein stor triumf på Voss sist helg: Dei slo vossingane under VM i joleøl. Kvartetten stilte på Hordamuseet sitt lag. Beste vossøl kom berre på tredje plass.

På vinnarlaget var Hans Hisløv, Karen Foss (hytte-eigar på Døslandsio), Karianna Foss Nygard (dottera hennar) og Ole Mikal Olsen. Dei to para bur i Bergen når dei ikkje er i Uskedalen.

I ein stor reportasje i bladet Hordaland les vi at ”bergensarane slo vossingane ned i den mørkaste bryggjekjellaren”.

Men dei fire gjev likevel vossingane litt av æra for sigeren, ettersom dei gjekk på bryggjekurs på Voss Folkeakademi.

Dei har også vore med i VM tidlegare og då vart dei nummer to.

Litt av løyndomen bak sigaren var at brygget låg lagra ved låg temperatur i ein kjellar ein månads tid før VM. 23 jolebrygg vart testa og dei ti beste gjekk til finalen og vart vurderte framfor publikum.